

NVE Region sør

Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

Flatdal 20.11.2016

### **Vedr. Sundsbarmreguleringen Seljord kommune**

Innspel til revisjonen frå Båteigerar i nordre del – Mandal dam.

På vegne av båteigerar / brukarar av Sundsbarmvatnet – nordre del ved Mandal dam, ber vi om at fylgjande innspel blir vurdert å bli tatt med som krav i revisjonshandsaminga.

Ved reguleringa av Sundsbarmvatnet har alle som brukar vatnet og området rundt blitt sterkt berørt. Reguleringshøgda på 38 meter fører til at tilkomst til vatnet store delar av året er svært vanskeleg og kan karakteriserast som ein nasjonal skamlett i høve til øydelegging av natur, kultur og miljø.

Særleg sterkt har grunneigerar og lokalbefolkning i området i alle år blitt berørt. Tilkomst og bruk av vatnet med båt er ein prøvelse som det nå må finnast ei ny og god løysing på.

Grunneigarar i dette området ved Mandal dam har i alle år hatt tilgang til båthus via ein «tralleskinnebane» for utsetting og opptak av båt. Denne løysinga har aldri vore funksjonell og sikkerhetsmessig god. For å setje ut og ta opp båtar med dagens løysing må ein vera 3 personar. Den er ved fleire høve blitt modifisera, seinast no i haust, noko som slett ikkje har betra konseptet. Det er framleis med stor risiko for alvorlege ulykker / personskader denne løysinga vert nytta.

Vi ber difor om at dette nå må endrast på, og at det etablerast ei løysing som på ein sikker og hensiktsmessig måte gjer det mogleg for lokalbefolkninga og hytteeigarar å benytte båt på Sundsbarmvatnet.

Vi kan her foreslå alternative ynskjelege forbetringar med løysingar som bl.a. er bruka ved mange andre tilsvarande damanlegg med regulera vatn, samt eit forslag til ein ny og ennå uprøva konstruksjon.

1. Kjørbar betongrampe ned til variabel vannstand. Rampe må ha stigning og svingforhold slik at vanleg personbil med påhengt båttilhengar kan rygge ned og sette ut/ta opp båt frå denne.
2. Funksjonell og sikker ny trallebane med funksjonell båtvogn for «landing» av båt ved opptrekk, og deretter overflytte båt til båthus på ein forsvarleg måte. Det må etablerast gangbane på eine sida av skinnebane på eit høgare nivå enn skinner heile vegen, slik at det er mogleg å stå tørrskodd for å få stroppe båt til vogn. Det må vera trådløs fjernkontroll av båtvogna.
3. Flytebrygge langsmed overløpsterskel med utriggarar for båtfortøyning som fylgjer vannstand opp og ned. Vedl. prinsippskisse som viser denne moglegheten. Flytebrygge tenkast i tillegg til løysing i punkt 1 eller 2. Fordel med denne løysinga er at båtar kan ligge ute heile sesongen utan at dagleg tilsyn med vannstand er påkrevd.

På vegne av «Mandal båt- og grunneigarforening»

Bjørn Aase  
Langlimvegen 355  
3841 Flatdal